



Olav Erlend Torheim
Håtuftvegen 212
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/419 - 18/5453

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
15.03.2018

Svar på uttale revidert planteikning vegtrase Hestdal - Myrvollane

Viser til e-post av 06.03.2018.

Du skriv at du ønskjer at vegen vert lagt enno lenger vekk frå huset enn det som er foreslått i den reviderte planteikninga av vegtrasèen mellom Hestdal og Myrvollane datert 29.02.2018.

Den reviderte planteikninga av vegtrasèen vart utarbeid som følgje av brev frå deg datert 16.02.2018. Kommunen prøvde i den reviderte planteikninga å imøtekome ditt ønskje om å få vegen lenger vekk frå huset ditt, samstundes som vi tok omsyn til eksisterande bygg på din eigedom. Formålet til kommunen har vore å utbetre den eksisterande vegen, samt gjere minst mogelege inngrep på grunneigar sin eigedom. Vi har difor ikkje lagt vegen slik at at bygget (vedhuset) må rivast.

Meland kommune forstår deg no slik at det ikkje gjer noko om vedhuset blir rive dersom vegen blir lagt lenger frå huset. Vi ønskjer å imøtekome dette ønsket på visse vilkår. Dersom ny vegtrasè fører til at vedhuset må rivast, kan ikkje Meland kommune ta på seg ansvaret med å byggje nytt vedhus ein annan plass. Det vil heller ikkje bli gjeve økonomisk kompensasjon for vedhuset som blir rive. Meland kommune tek ikkje på seg noko erstatningsansvar for riving av vedhuset som følgje av ny vegtrasè.

Meland kommune treng skriftleg stadfesting på at du godtek vilkåra vi har satt for riving av vedhuset. Når slik stadfesting ligg føre vil vi be Norconsult utarbeide nytt forslag til vegtrasè.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Olav Erlend Torheim
Olav Erlend Torheim

Håtuftvegen 212 5918
Håtuftvegen 212 5918

FREKHAUG
FREKHAUG